Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 - Skav

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Breim

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Råd

Gard: Råd

(adresse): Breim

G.nr. 37 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1\. Vi brukar namna hjelpefor og ruskefor.

2\. Nei, noko sammanm for skav, beit og bar har eg ikkje høyrt anna enn hjelpefor og ruskefor.

3\. å skave-skjev-skov-skjeve

4\. Ja, i eldre tid, framover til 1900-1905 rekna ein alltid med å bruka skav til hjelpefor på etterjulsvinteren og våren. Seinare har det litt etter kvart minka med å bruka skav til for. Og i dei siste 20-30 åra er det berre på få gardar det har vore brukt, anten av slike heldt på vert forlause ut på våren, eller og av slike som har det sers lettvint og henta skavveden heim og brukar osp eller rogn til brennved.

No er det helst berre ein og annan gamal kårmann som smier skav for å ha noko å gjera på - ha noko til tidsfordriv. Ja, og so

1186

trür dei at dyra held seg friske og skaffar god, feit mjölk når dei får litt skav attåt det andre foret.

5. Her i bygda er det mest osp som har vore nytta til skav. Men og rogn og alm har ein brüka på dei gardane der slike treslag voks. För 1900 hende det ofte at bönder frå slike gardar der dei ikkje hadde osp, rogn eller alm kjöpte slike tre, ofte langt avsides borte i stendene og liene, bar eller drog skavveden ned til vatnet, förde det på båt eit stykke og endeleg lessa det på sleden og köyra det til gards.

Bartre, ore eller björk har ikkje vore nytta til skav. Rogneskav og almskav held ein for gjævast. Almskav brüka ein helst om våren når borken var laüs (lo̊pa) så ein kunne flekkja den av.

6. Er ikkje kjendt her.

7. Rimet er kjendt her og lyder slik:

Selja svelter,
vien velte,
rognen föd,
og almen gjör

8 Det var küa som fekk skav, kanskje saüen og stündom. Men hesten fekk ikkje skav, og geita måtte finna slikt for üte. Var det hög snö måtte ein köyra füreber, björkeris eller eine heim på tünet til geita. Dette kalla ein „gjeitaved". Skav brüka ein helst på



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

etterjulsvinteren og våren. Skavet vart gjevi for seg sjölv

9. Ja, budeine sa ofte: „Mjölka ha vokse sidan vi byönde ma skav." Almskav skulle gje god mjölk og godt smör. Men lauk ein gje mykje skav, serleg ospeskav og beit, vart mjölka beisk og römen tråkinna (vanskeleg å få smör).

10. Ja, ofte langt borte og högt opp i lien. Riset og greinene hogg ein saman i knippe, la det i byrd og bar det til löypestreng, veg eller vatnet. Strangane smia ein på staden og hadde borken i sekker og bar det til vatnet eller vegen.

Heseved av or, björk, eine og furu skov ein ikkje, men derimot av rogn eller osp.

11. Ein kalla veden för den var smia og for skav. Ein skulle av å henta skav, eller fara i skavskog, sa ein og.

12. Skav, eller skavved. Elles var det jammast veden etter han var smia ein kalla skavved.

13. Nei, marka, er ikkje kjend her.

14. Helst på etterjulsvinteren og våren. Ja, det var rekna for å vera av tyngste og verste arbeidet på garden. „Han åt so han skulle kome ù (or) skavskogja", sa dei om ein som åt mykje. Og: Han va so tröytte so han skulle kome ù skavskogja".

Om å henta skav langfredag ikkje kjendt.

15. Det var alltid inne i stova ein helt til med skaving av mindre ved. Strangane derimot smia ein ute på tunet.

1186

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

I middagstida bar ein fangen med skav (ved) inn i stova, så det skulle tidne (tea) til kvelden. Etter at lampa var kveikt om kvelden sette karane seg til å smia.

16. Til ris og tunne skavkjeppar brûka ein vanleg tollekniv eller knivar laga av ljåsbrot. Til tjukkare strangar, (kubbar) brûka ein vanleg bandekniv (med handtak i båe endar.

17. Noko serskild krakk, skrûe eller skavhæl er ikkje kjend her. Store strangar la ein eine enden i ein sagkrakk og andre enden på ein stabbe eller liknande. Men jamnast vart strangane smia ûte i skog og mark og vart då lagd på steinar eller tûe så dei kom noko opp frå marka.

Til hesjeved brûka ein oftast skavl (skavlen - skavlar - skavlane) til å skapa av noko av borken. Skavlen var eit omlag halvsirkel forma bitjarn fest til eit handtak av tre. Skavlen vart og brûka til å hola ût ov treskeier, bûser og skåler



Skavl

18. Er ikkje kjendt her.

19. Ein held kniven i högre handa og skavkjeppen i vinstre og smia som vanleg.

20. Veden vart kalla, skav, skavved eller skavkjepp. (tunn) skavstrange tjukkare. Det var og tala om skavbör, skavlass og skavfamn. - Mork er ikkje kjendt eller brûka.

1186

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

21. Sjölve borken var og kalla skav, men ein brūka og nemningane skav-flis og skavspo.
22. Både, ris, tunne kjeppar og grovare strangar (kubbar) vart nytta. Når skav-veden vart opphoggen i skogen eller på tunet så hogg ein den omlag så lang som tre vedalengder (80-85cm)
23. Eg har ikkje höyrt anna nemning på dei avsmidde kjeppane enn skav-ved.
24. Det var helst omågjera å smia litt lengst når ein skav. så vart det meir for av det tykke ein. Dei tjukke ospestrangane måtte ein fyrst smia karten av, og berre den finare borken under kunne brukast.
25. Veden vart nytta til brenneved, å ja til bakstevedd og om det höv-de så
26. No er det svært få som nyttar skav til for. (Sjå punkt 4)

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

1186